

## RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1426/96

av 26. juni 1996

### om endring av forordning (EØF) nr. 823/87 om fastsettelse av særlige bestemmelser om kvalitetsviner fra bestemte dyrkingsområder(\*)

#### RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegn frå Europaparlamentet<sup>(2)</sup>,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(3)</sup> og

ut frå desse synsmåttane:

Visse tradisjonelle særnemningar er vortne godkjende i Tyskland. Desse nemningane bør innarbeidast i rådsforordning (EØF) nr. 823/87<sup>(4)</sup> for å sikre at dei vert verna i alle medlemsstatane.

Etter sedvane i samsvar med spansk lovgjeving er uttrykket «Manzanilla» vorte einstyddande med eit geografisk namn som vert nytta som nemning på ein kvalitetsvin frå eit særskilt dyrkingsområde (kvsd). For denne kvsd bør det gjerast unntak frå prinsippet om at det særskilde området der vinen er framstilt, må nemnast med det geografiske namnet sitt, og det førnemnde tradisjonelle uttrykket bør tillatast som nemning på dette produktet.

I medhald av artikkel 15 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 823/87 kan namnet på eit særskilt dyrkingsområde som ein medlemsstat har gjeve ein kvsd, ikkje nyttast som nemning på andre produkt i vinsektoren. I visse tilfelle bør det likevel gjevast løyve til å lage nye opphavsnemningar av namn som før vart nytta på visse bordvinar. Det bør òg fastsetjast ein overgangsperiode der desse namna kan nyttast samstundes, slik at tradisjonelle brukarar kan tilpasse seg den nye situasjonen.

Når drikkar som ikkje høyrer inn under vinsektoren, og visse basisråstoff som vert nytta til å framstille slike drikkar, vert marknadsførde under geografiske nemningar som til vanleg vert nytta på vin, vil dette kunne villeie forbrukaren med omsyn til arta av og opphavet til produkt med ei slik nemning og skade interessene til vinprodusentane. Difor bør bruken av slike nemningar berre tillatast dersom det ikkje finst fare for forveksling, eller dersom den aktuelle geografiske nemninga er tilbørleg godkjend på bakgrunn av dei røynslene som er gjorde, særleg når det gjeld visse drikkar som har nær samanheng med vinsektoren -

#### VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

##### Artikkel 1

I forordning (EØF) nr. 823/87 vert det gjort følgjande endringar:

- I artikkel 15 nr. 2 bokstav a) vert følgjande strekpunkt lagde til:
  - «— «Qualitätswein garantierten Ursprungs»,
  - «Qualitätschamwein garantierten Ursprungs».»
- I artikkel 15 nr. 3 andre leddet vert følgjande strekpunkt lagt til:
  - «— «Manzanilla»,».
- I artikkel 15 nr. 4 skal tredje leddet lyde:
  - «Som unntak fra første ledd kan Rådet etter forslag fra Kommisjonen beslutte med kvalifisert flertall inntil 31. august 2001 å tillate at visse geografiske navn som tradisjonelt benyttes som betegnelse på en bordvin og er blitt navnet på et bestemt dyrkingsområde, fortsatt kan benyttes også som betegnelse på bordviner i høyst tre vinproduksjonsår.»

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 206 av 16.8.1996, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 102/97 av 15. desember 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 15 av 20.1.1996, s. 5, og TEF nr. C 74 av 14.3.1996, s. 12.

(2) Fråsegn gjeven 21. juni 1996 (TEF nr. C 198 av 8.7.1996).

(3) Fråsegn gjeven 24. april 1996 (TEF nr. C 204 av 15.7.1996).

(4) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 59. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 3011/95 (TEF nr. L 314 av 28.12.1995, s. 14).

## 4. Artikkel 15 nr. 5 skal lyde:

«5. Følgende navn og betegnelser:

- navnet på en vinstokksort omhandlet i artikkel 4,
- en tradisjonell særbetegnelse omhandlet i nr. 2, eller
- en utfyllende tradisjonell betegnelse, såfremt den er tildelt av en medlemsstat til betegnelse av en vin etter fællesskapsbestemmelsene vedtatt i henhold til artikkel 72 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 822/87,

kan ikke benyttes som betegnelse på, til presentasjon av og til reklame for en annen drikk enn vin eller druemost, med mindre enhver fare for forveksling med hensyn til drikkens art, opprinnelse eller kilde og sammensetning er utelukket.

Bruk av et navn eller en betegnelse som omhandlet i første ledd eller et av uttrykkene «Hock», «Claret», «Liebfrauenmilch» og «Liebfraumilch», selv om det ledsages av uttrykk som «art», «type», «lignende», «etterligning» eller tilsvarende, skal være forbudt med hensyn til betegnelse på og presentasjon av

- en vare som hører inn under KN-kode 2206, med mindre den aktuelle varen faktisk stammer fra det angitte stedet,
- en vare som markedsføres med tydelige anvisninger om hvordan forbrukeren kan framstille en vinlignende hjemmelagd drikk av den; navnet på en vinstokksort kan likevel benyttes dersom den aktuelle varen faktisk er framstilt av denne sorten, med mindre navnet kan forveksles med navnet på et bestemt dyrkingsområde eller en geografisk enhet som benyttes som betegnelse på en kvbd.

## Navnet

- på et bestemt dyrkingsområde som er omhandlet i artikkel 3 og oppført i listen utarbeidet i henhold til artikkel 1 tredje ledd,
- på en geografisk enhet som er mindre enn det bestemte dyrkingsområdet, såfremt navnet er tildelt av en medlemsstat til betegnelse av en vin etter fællesskapsbestemmelsene vedtatt i henhold til artikkel 72 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 822/87,

kan ikke benyttes som betegnelse på, til presentasjon av og til reklame for en annen drikk enn vin eller druemost, med mindre,

- a) når det gjelder produkter som hører inn under KN-kode 2009, 2202, 2205, 2206, 2207, 2208 og 2209, og produkter som er framstilt av et råstoff fra vinsektoren, men som ikke er omhandlet i artikkel 1 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 822/87, ovennevnte navn og betegnelser er godkjent i produktets opprinnelsesmedlemsstat og slik godkjenning er i samsvar med fællesskapsretten,
- b) når det gjelder andre drikker enn dem som er nevnt i bokstav a), enhver fare for forveksling med hensyn til drikkens art, opprinnelse eller kilde og sammensetning er utelukket.

Godkjenningen nevnt i tredje ledd bokstav a) må gis innen 31. desember 1999; før denne dato og inntil slik godkjenning er gitt, skal det aktuelle produktet fortsatt være omfattet av regelen omhandlet i tredje ledd bokstav b).»

**Artikkel 2**

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Luxembourg, 26. juni 1996.

For Rådet

**M. PINTO**

Formann